



Skodje kommune

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Skodje kommune.

Desse vedtektene er utarbeidde med heimel i lov av 17.07.1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova).

Vedtekne i kommunestyret 16. april 2016.

§ 1 Eigarforhold

Skodje kommune eig og driv skulefritidsordninga. Unntaket er dersom formannskapet gjer vedtak om å opprette ordningar med familie-SFO.

§ 2 Opptaksmynde – klagebehandling

1. Rådmannen har mynde til å gjere opptak til skulefritidsordninga i Skodje. Myndet kan delegerast.
2. Tildeling av plass i skulefritidsordninga er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova §2, og kan påklagast. Klage skal sendast einingsleiar/rektor til ny vurdering. Dersom einingsleiar/rektor held fast på sitt vedtak, vert klagen sendt til formannskapet som endeleg klageorgan.

§ 3 Føremål

Skodje kommune si skulefritidsordning er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1. til 4. årssteg og for barn med særlege behov på 5. til 7. årssteg.

§ 4 Opptakskriterium

SFO har plass til maksimalt 80 barn per økt ved avd. Skodje, 40 barn per økt ved avd. Valle og 25 barn per økt ved avd. Stette. Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, skal søkjarane få plass etter følgjande prioritet:

1. Funksjonshemma barn.
2. Barn som av faglege grunnar er tilrådd plass (frå barnevern, PPT, helsestyresmakter).
3. Barn som går i første klasse.
4. Barn som går i 2., 3. eller 4. klasse.

§ 5 Opptaksperiode og oppseiing/reduksjon av plass.

1. SFO har eitt hovudopptak per år, med søknadsfrist 1. mars. I løpet av året blir det gjort fortløpande opptak så sant det er ledig kapasitet.
2. Foreldre/føresette inngår avtale om kjøp av SFO-plass for eitt skuleår om gongen. Tildelt plass er bindande for ein termin (hausthalvår/vårhalvår).

Oppseiing/ending av plass for hausthalvåret må meldast innan 1. mai.

Oppseiing/ending av plass for vårhalvåret må meldast innan 1. november.

Ved særskilde høve kan ein søkje om å få seie opp SFO-plassen i terminen.

§ 6 Organisering.

Skodje barneskule har berre eitt SFO organisert under ein SFO-leiar, men med tilbod plassert på alle avdelingane i barneskulen: Skodje, Valle og Stette.

§ 7 Opningstider.

Skulefritidsordninga følgjer skuleruta og er open 38 veker (190 dagar) i løpet av skuleåret. Tilbodet held ope frå kl. 0715 til kl. 1645, men er stengt når elevane på 1. til 4. trinn har undervisning.

Ein kan kjøpe SFO-plass etter to hovudmodellar og i ein kombinasjon av desse:

1. Fulltidsplass (før og etter skuletid) 2, 3, 4 eller 5 dagar/veke.
2. Korttidsplass (berre etter skuletid) 2, 3, 4 eller 5 dagar/veke.

Skulefrie veker.

Kommunen tilbyr også skulefritidsordning i nokre av dei skulefrie vekene: Haustferien, vinterferien og i vekene etter skuleslutt i juni/juli og før skulestart i juli/august. SFO er stengt fire veker i juli.

Kommunen tilbyr berre fulldagsplassar (0715-1645) i dei skulefrie vekene, og tilbodet er lagt til SFO ved avd. Skodje som då tek imot barn frå alle avdelingane i barneskulen. Det må vere minst 6 barn påmelde for at SFO skal halde ope.

§ 8 Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år, og vert gjort gjeldande frå starten av nytt budsjettår. Summen blir fordelt på 11 månadlege innbetalingar med juli som betalingsfri månad.

§ 9 Opphaldsareal

Opphaldsarealet er basen til SFO. Basen er sambruk med andre aktivitetar i skulen. I tillegg nyttar ein uteareal og ledig undervisningsareal.

§ 10 Bemanning og leiing

1. Einingsleiar/rektor er administrativ og fagleg leiar.
2. SFO skal ha ein dagleg leiar. Det er ønskjeleg at SFO-leiaren har relevant utdanning.
3. Grunnbemanninga bør utgjere minimum ein vaksen når SFO har 15 heile plassar. Ut over dette skal bemanninga vurderast i forhold til økonomi og forsvarleg drift.
4. Barn med spesielle behov kan utløyse ekstraressursar i SFO. Behovet skal vurderast i kvart enkelt tilfelle.

§ 11 Vedtak

1. Vedtektene er vedtekne av kommunestyret.
2. Endring av vedtektene kan gjerast av kommunestyret etter at samarbeidsutval og formannskap har gitt råd. Formannskapet kan dispensere frå vedtektene.